



Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar ein kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293
(merk: trusopplæring)

Velkomen til T₃-dag UNDRETUR i Granvin kyrkje

Laurdag 22. nov. kl. 11:00
Søndag 23. nov. kl. 11:00
Gudsteneste for alle



T₃



STØRST AV ALT

BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Kjære treåringsheim!

De har no eit barn i huset, fødd i 2022, og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 3-åringen er de no invitert til T3-dag.

Laurdag 22. november, kl.11:00 håpar me de vil koma til Granvin kyrkje og verte litt betre kjende med dette store, rare huset. Borna skal få gå rundt, sjå på og ta på, og oppleve kyrkja. Me kallar det ein undretur.

Dagen etter, søndag 23. nov., er de òg inviterte til Gudsteneste for alle, der 3-åringane får utdelt eit bilete av "kyrkja mi" og ei klistremerkebok. Dei som er 4 år får kvar sin barnebibel. 5-åringane er også inviterte. De kan vera med på ei eller begge samlingane, alt etter kva som høver.

Barnet kan koma på undreturen saman med ein eller fleire vaksne. Det kan vera foreldre, besteforeldre, fadder, tante, onkel...

Gje beskjed:

- om barnet treng særskild tilrettelegging
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, kyrkjenytt e.l.

Eg er trygg hjå deg

Eg får be til deg

eg får lovsyngja ditt navn.

Du har tid for meg når eg
søker deg, min Herre min Gud.

Påmelding innan torsdag 20. november
(namn og om me får lov å publisere bilete)
til Camilla Velsvik:
995 18 194